

## **SAK 14/23 TV-PROFILERING AV GRÜNDARAR I HALLINGDAL**

### **Saksopplysning:**

Dette er ei oppfølging av SAK 91/22.

Nils & Ronny (Nils Wærstad og Ronny Kristoffersen) driv eige TV produksjonsselskap og har laga fleire reisedokumentarar og underhaldningsprogram, m.a for NRK. No skal dei i gong med ein TV-serie og SoMe-prosjekt som dei kallar RISK og som rettar fokus mot dei som verkeleg satsar på drømmen om å bygge eiga bedrift, dei som hentar ut lokale ressursar og foredlar dette til produkt eller opplevinga, utanfor trygge offentlig rammer, men med mål om å skape et mangfald i samfunnet.

Hallingdal har fått spørsmål om me har aktuelle gründarar som kunne vore aktuelle til eit slikt konsept. I følgje Hallingdal etablerersenteret er det mange å velje mellom.

Kostnaden er som må dekkast frå deltakarkommunar eller regionar er omlag kr 200 000

Kort om distribusjon:

Nils & Ronny har avtale med Altibox som igjen har om lag 800.000 husstandar som sine kundar. Altibox satsar hardt på TV med norsk innhald og løftar dette fram i sin plattform «Godt Norsk». Altibox er unike i si tilnærming til norske TV-produsentar ved at de berre ønskjer eksklusive senderrettigheter i 6 månader. Etter dette står produsentane fritt til å tilby produksjonen til andre TV-kanalar. Når serien er ferdig vil den også være fullfinansiert. Det betyr at ein kan tilby serien til NRK eller TV2, nesten vederlagsfritt, noko som gjer innsalget relativt ukomplisert. Det er et stort behov for nasjonalt innhald i alle kanalar og dette er med på å fylle det behovet.

RISK er også et SoMe-prosjekt, og innhaldet i serien vil bli pakka på nytt, for å fungere optimalt på alle relevante SoMe-kanalar. På SoMe kan ein gå målretta på ein yngre brukargruppe, eller følge ein av Hallinggründarane i små episodar, eksempelvis på Facebook eller Instagram.

Relevant innhald i serien vil også kunne nyttast av dei enkelte kommunane i si eiga marknadsføring.

Produksjonen av serien er allereie i gong og vil strekke seg fram til sommaren. Regionrådet blir inviterte til å ta stilling til om ein skal delta eller ikkje.

### **Vurdering:**

Ein slik TV produksjon vil kunne vise korleis det er å vera gründer i Hallingdal, at me har eit veletablert gründermiljø og at det er mange moglegheiter til å skapa arbeidsplassar i dalen. Ein vil kunne vise fram eit sterk støtteapparat og kanskje nokon som har fått hjelp av støtteapparatet. Vidare vil ein slik TV serie gi ein god profilering av Hallingdal generelt. Ein kan få synleggjort Hallingdal som ein innovativ, sprek og fargerik region med folk som står på og skapar sin eigen morgondag. Ein kan få innhald som appellerer til bulyst, gründerkap og til naturopplevingar. Innhaldet kan fritt brukast i alle kanalar for alle kommunar, på messer, i kontakt med moglege tilflyttarar, i sosiale medier osb.

Ein har ingen garanti for kor mange sjåarar som vil sjå det ferdige produktet og me veit ikkje sikkert kva kanal det blir sendt på. Me veit berre at Nils og Ronny kjenner bransjen og har tru på at dei kan få innpass hjå ein av dei store landsdekkande kanalane. Når det gjeld aktuelle deltakarar har Hallingdal etablerersenter kome med ein del forslag til kandidatar og så er det produksjonen som bestemmer til sjuande og sist.

Dagleg leiar meiner dette kan vera ein fin og alternativ måte å profilere Hallingdal på som er verd å prøve. Føresetnaden er at me får til eit spleiselag på finansiering

#### Økonomi og finansiering

Kostnaden for Hallingdal er 200 000.

Ein mogeleg finansiering kan sjå slik ut

Etablerersenteret går inn med kr. 100 000 (må godkjennast i fagrådet)

Regionrådet går inn med kr. 50 000

Dei kommunane som blir profilert mest(der grundarane bur) deler på dei siste 50 000

#### **Forslag til vedtak**

Regionrådet er positive til TV profilering av Hallingdal og gründermiljøet her, gjennom produksjosselskapet Nils & Ronny og løyver 50000 til formålet. Føresetnaden er at reiseten av finansieringa er på plass.